
Saknr: 2020/47227-2
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkesutvalet		10.12.2020

Søknad frå Sunnhordland lufthavn AS om konvertering av lån til aksjekapital

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet avslår søknad om at lån på kr 636.000 til Sunnhordland lufthavn AS vert omgjort til aksjekapital i selskapet.

Samandrag

Fylkesrådmannen rår til å avslå søknad frå Sunnhordland lufthavn AS om at lån på kr 636.000 til selskapet vert omgjort til aksjekapital. Bakgrunnen er at selskapet nyleg har fått nytt lån frå fylkeskommunen og fylkesrådmannen meiner det er uheldig at vilkåra for gamle lån vert omgjort.

Fylkesrådmannen viser til annan søknad frå selskapet om tilskotsavtale. Bakgrunnen er at selskapet sin avtale med Samferdselsdepartementet går ut ved komande årsskifte. Ansvaret for slike avtalar vert overført til fylkeskommunane frå 2021. Fylkesrådmannen kjem attende til denne søknaden i eiga sak til hausten i samband med eigarskapsmeldinga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sunnhordland lufthavn AS har i brev av 06.04.2020 søkt om at lån på kr 636.000 frå fylkeskommunen vert konvertert til aksjekapital.

Vedtakskompetanse

I følgje reglementet har fylkesutvalet fullmakt til å kjøpe aksjar og ettergje krav..

Vurderingar og verknader

Økonomi: Små konsekvensar, men prinsipielt viktig

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Sunnhordland lufthavn AS er eigd av Stord kommune (79 %) og Hordaland fylkeskommune (21 %). Eigarane har gjeve lån til selskapet, fordelt etter same brøk som eigarskapen.

Selskapet har planar om opprusting av kontrolltårnet, utviding av terminalbygget og nytt brøyteutstyr. Fylkestinget godkjende i desember 2019, sak 15/2019, at fylkeskommunen gjev eit lån på kr 3.780.000 til dette føremålet. Dette lånet er ikkje utbetalt enno.

Eigenkapitalen i selskapet er svekka som følgje av underskot på drifta dei 3 siste åra. Pr. 31.12.18 var eigenkapitaldelen ca. 9 %. Dette vert rekna som lågt.

Selskapet har også søkt Stord kommune om omgjeriing av lånet dei har med kommunen. Kommunestyret vedtok i møte 14. mai 2020 at ansvarleg lån på kr 2 370 000, gitt av kommunestyret til Sunnhordland lufthavn AS i sakene 06/08 og 32/08, vert omgjort til eigenkapital.

Sunnhordland lufthavn AS har planar om monaleg opprusting av bygningar og utstyr i tida som kjem. Fylkesrådmannen ser det som uheldig at det ved fleire høve opp gjennom åra har vore søkt om omgjeriing av lån til aksjekapital og tilrår at søknaden frå selskapet ikkje vert imøtekomen.

Fylkesrådmannen viser til annan søknad frå selskapet om tilskotsavtale. Bakgrunnen er at selskapet sin avtale med Samferdselsdepartementet går ut ved komande årsskifte. Ansvar for slike avtalar vert overført til fylkeskommunane frå 2021. Fylkesrådmannen kjem attende til denne søknaden i eiga sak til hausten i samband med eigarskapsmeldinga.

Konklusjon

Fylkesrådmannen foreslår å avslå søknaden frå Sunnhordland lufthavn AS om at lån på kr 636.000 vert omgjort til aksjekapital.